


BOKN BYGDABLAÐ

NR. 4 MAI 1991 ÅRG. 6

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

KONG HARALD V TIL BOKN 26. JUNI



Som kjent har det gledelege skjedd at Hans Majestet Kong Harald V har akseptert innbydinga frå Bokn kommune om å foreta den offisielle åpninga av Kyststamvegen gjennom Bokn.

Etter det som nå er kjent vil kongen koma med bil frå Haugesund og vera på Bokn i 1 time frå kl.14.00 - kl. 15.00. onsdag den 26. juni.

I det tidsrommet vil den offisielle åpninga av vegen finna stad på Are, og ferjetrafikken vert sett i gang. Kl. 15.00 vil kongen forlata Are og Bokn med kongeskipet.

Etter det offisielle programmet er slutt, vil kulturstyret i samarbeid med

organisasjonar i kommunen arrangera ein folkefest i skuleområdet. Det er leigd inn eit stort telt, og det vil bli både utstillingar, matsalg og underhaldning utover ettermiddagen.

Bokn kommune ynskjer at kongen og andre gjester skal få sjå kommunen frå si beste side denne dagen, og ein vil derfor oppfordra alle til å vera ekstra nøye med vårpussen i år. Det bør sjå velstelt og fint ut både hos private og hos det offentlege denne dagen. Bokn kommune vil også setja i gang opprydding på offentlege stader, og hjelpa til med at folk kan bli kvitt rusk og rask. Nærare informasjon om dette kjem seinare i rundskriv.

BREV FRÅ UTFLYTТА BOKNAR

Her kommer en hilsen fra fjerne himmelstrøk, nærmere bestemt fra Elfenbeinskysten. Det er et land som ligger i Vest Afrika, og er heldigvis et fredelig land i motsetning til nabolandet, Liberia, hvor en fæl borgerkrig har herja.

Vi er her som utsendinger for Norsk Luthers Misjonssamband. Da vi reiste i juni -88 var det i grunnen for 1-2 år, men dette har økt på - og vi er her nå på det tredje året.

Grunnen til at vi ble bedt om å reise var at misjonen hadde mye byggevirkosomhet her ute, og ville gjerne ha ut en bygningsmann. Dermed "flytta jeg med på lasset" og har fått oppgaven som regnskapsfører for feltet.

Landsbyen hvor vi er stasjonert heter Ouaninou, og ligger nord-vest i landet. Vi bor i et leid hus, midt i landsbyen, og har dermed fått sett litt av det virkelige livet her både på godt og vondt. Ofte hører vi sagt at det å drive misjon ikke er bra, -det ødelegger kulturen etc. (Og det må nok medgis at mye galt er blitt gjort i misjonens navn opp gjennom tidene. Men, av dette har en lært, og måten arbeidet blir drevet nå innebærer bl.a. dette: å ta vare på det gode i den gamle kulturen.) Mitt spørsmål til et slikt utsagn blir da: - skal vi bare la disse fine folka leve i sin frykt, redsel og utrygghet på alle vis? For det har vi sett, at de er redde for alt og alle, ofte er det familien de er reddest for. Trolldom er ofte i bruk, ofte sammen med gift av forskjellig art. I tillegg har de store

problemer med dårlig ernæring, hygiene, sykdom og

dårlig helsetilbud. Skal vi bare "la disse være i fred"? Svaret mitt blir NEI, og grunnen har min Herre og Mester klart gitt i Joh. 3.16-17, og Matt. 28.18-20. Derfor driver vi misjon, og jeg er glad for å være med.

Området her blir regnet som hardt klimatisk. Vi har høye temperaturer og ofte høy luftfuktighet. Mars måned er "den varmeste" og vi har nå temp. mellom 36-40 grader C. I tankene tar vi da ofte en tur "himom" for å kjøle oss ned. Og det vi venter på er regn!! Når regnet kommer blir det vår her, og våren føles nesten finere her enn i Norge syns jeg. Temperaturen blir lavere, støvplagen mindre og våre brune omgivelser forandres til grønt! I dag syns jeg det har vært ekstra varmt, men det har nok også sin grunn i at ettermiddagen er blitt brukt til brødbaking, som jo er en varm beskjeftigelse, spesielt i et rom med 35 grader C. Livet her ute er noe anderledes enn hjemme, og vi kan ikke bare løpe ned til "han Steinar" eller S-laget om brødboksen er tom. Men - her er vi, og her trives vi!

Da jeg ble spurt om å skrive noe til bygdabladet var en av spørsmåla om Bokn betyr noe for meg. Å forklare hva Bokn betyr --- ja det kan være vanskelig etter at jeg har bodd 15-16 år borte. Men for å prøve å forklare hvordan jeg føler så vil jeg ganske enkelt si: Bokn,- det er "hima" det!

Hilsen fra
Venke Haga (f. Borgenvik)

BOKN FOLKEBIBLIOTEK




OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10-13.30

ONSDAG: 16-19

TORSDAG: 10-13.30



LESETIPS FOR VAKSNE

Krantz, Judith:
Gylne horisonter 1 og 2

Shelby, Philip:
Svart arv

Mahmoody, Betty:
Ikke uten min datter

le Carre, John:
Hemmelig pilgrim

Brownmiller, Susan:
Den farlige leken

BARN/UNGDOM

Lindell, Unni:
Fire dager til fullmåne

Jenseg, Grete:
Nesten nær deg

Riis, Annie:
Salt og pepper (leseløve)

Haugen, Eli:
Historien om Victor og Liel

Crew, Linda.
Flodens datter

***BIBLIOTEKET –
gratis å spørje
gratis å få svar***

SIGURD JOHNNY SVENDSEN PÅ TOPP I BOKN KRF.

Kristeleg Folkeparti i Bokn har nominert disse til kommunevalet for neste periode:

1. Sigurd Johnny Svendsen
2. Eli Kro
3. Sigmund Alvestad
4. Sverre Øvrebø
5. Gunvor Øvrebø
6. Egil Ognøy
7. Magnar Are
8. Ingrid Blikshavn
9. Hanna Alvestad
10. Harry Vågshaug
11. Ottar Borgenvik
12. Anne Marie Bokneberg
13. Håvard Hetland
14. Kari Are
15. Ingebjørg Ognøy
16. Mary Øvrebø
17. Sigrid Jøsang
18. Margrethe Jøsang

Bokn KRF hadde den 25. januar årsmøte kor Jan Birger Medhaug tala.

Det vart ved årsmøtet halde val av leiar, 2 styremedlemer og 2 varamedlemer.

Karen Hetland som har vore medlem av styret og sekretær, sa frå seg attval. Ho vart overrekt blommar for godt utført arbeid i partiet gjennom mange år.

Styret har i dag desse medlemene:

Sverre Øvrebø, leiar
Sigurd J. Svendsen, nestleiar
Gunvor Øvrebø, kasserar
Ingrid Blikshavn, styremedlem
Eli kro, sekretær.

SPEIDERNE

Først vil speiderne få takke alle som bidro med gevinster til basaren vår hvor vi fikk inn kr. 13.500. Pengene er satt inn på konto og skal bl.a. brukes til å innrede "huset" (gamla bedehuset på Austre Bokn). Der vil vi prøve å få gruppemøtene og oppbevare evt. ting som de lager.

Guttene har sine patruljemøter hver mandag fra kl. 17.30 - 19.00, jentene om tirsdagen. Så har vi troppsmøter en gang i måneden, da er alle patruljene og lederne samla, forskjellige utflukter har vi hatt da på de samlingene.

Ei helg i mars reiste 8 av speiderne på P.F. (patruljefører) kurs til Vigdarheim, 2 på videregående - og 6 på nybegynnerkurs. Dette er veldig viktig for å få gode "peffer" og assistenter til patruljene våre.

5. - 7. april reiste 27 speidere og 5 ledere på weekend til Vigdarheim. En uforglemmelig tur! Der hadde vi aktiviteter og moro fra 08.00 - ????, ja vi husker visst ikke hva klokka blei når det var ro den lørdagskvelden.


At kanopadling, flåtebygging og pionering er populært, ja det viste seg der inne, ja foreldrene skulle sett hvor ivrige ungene var, det var en lyst å være med. Og når vi hører at de har hatt det kjekt og har lyst å reise tilbake igjen, ja da er det virkelig kjekt å være med som leder. Det neste som nå står på programmet er troppsmøte på Sandbekken den 29. april, markere oss litt med bygging (pionering) i juni, og seilskute-weekend i august. Så vil vi takke de foreldrene som stiller opp og kjører til forskjellige møter og anledninger.

TRADISJONELL

17. MAI FEIRING

Det vert tradisjonell 17. mai feiring i år. Det startar med morgonmusikk kl. 06.00, og så går det slag i slag med kapproing, folketog, familiegudsteneste og tog til Boknatun med korpsmusikk ved sjukestova før turen går vidare til feiring i Bokn skule. Her vert det både underholdning for vaksne og leikar for barna - mat og drikke å få kjøpt.

Om kvelden er det folkefest med underholdning mat og dans. Program vert sendt ut seinare.



KAPPROING 17. MAI

17. mai komiteen i samarbeid med Bokn Fiskarlag vil også i år prøva å arangera kapproing i Alvestadkroken.

Det vil bli sett opp 1., 2. og 3. premie i fylgjande grupper:

1. Vaksne menn.
2. Gutar t. o. m. 9. klasse.
3. Vaksne damer.
- 4 Jenter t. o. m. 9. klasse.

Dei som er interessert kan melda seg på hos Steinar Alvestad (butikken) innan 16. mai 1991.

Bokn Fiskarlag

KONFIRMANTAR 12. MAI

Kai Arne Christiansen
Kjell Arne Drange
Fredrik Faye
Thomas Skår
Jan Inge Våge
Harald Øvrebø

Christine Berge
Randi Bokneberg
Ranveig Foss
Lene Herigstad
Grethe Kro
Kristi Laupland
Anne Tove Øvrebø

4290 BOKN?

Dette var spørsmålet Olav Rossebø stilte i eit lesarinnlegg i Haugesunds Avis nyleg. Han meinte at dette var ei betre postadresse for boknarane enn 4290 Føresvik.

Det same meinte Svein Ove Alvestad då han i før jul ba Bokn formannskap utreda dette spørsmålet.

Postverket reagerte raskt på lesarinnlegget i Haugesunds Avis. Dei har nå sendt eit brev til Bokn kommune der dei seier ideen om namneending er god, og ber om kommunen sitt syn på saka.

ÅRSMØTE I BOKN SANITETSFORENING

Bokn sanitetsforening hadde årsmøte den 4. april. Årsberetning og rekneskap vart opplese utan merknader. Etter valet vert styret slik:

Inger Sønnøve Bokneberg form.
Reidun Grønnestad nestformann.
Liv Trosnavåg kass. og styrem.
Haldis Grønnestad styremedl.
Torunn Hognaland Styremedl.
Eli Kro styremedl.

Ellen Nedrebø Styremedl.

Bertha Våge revisor

Varamenn:Oliva Håland,
Solveig Kro, Astrid Jøsang.

Sanitetsforeninga har hatt eit godt arbeidsår.inntektene har ein fått frå basar, sal av fastelavensris, landslodder og maiblomar.

Dette året er det gitt pengar til kreftsaka, krybbedødforskning, narkotikasaka og anna forskningsarbeid. Det er dessutan kjøpt inn trimsykkel til fysioterapitenesta i Bokn.

Årsmøtet hadde besøk frå Haugesund Meieri med oste-demonstrasjon som smaka godt etterpå. Årsmøtet hadde godt fram møte. Me vil takka alle

som er med og støttar arbeidet vårt, og tek vel imot oss når me kjem.

Basaren blir i år den 30. mai på Bokn skule.

Styret

EIT GAMALT DOKUMENT FRA BOKN

Arnstein Lohndal: EIT GAMALT DOKUMENT FRÅ BOKN.

Nedanfor er prenta eit dokument (diplom) frå 1534 som ligg i Riksarkivet. Det er eit papirbrev skriven i mellomnorsk målform, dvs. det språklege utviklingssteget mellom gamalnorsk og målformene i nyare tid. Her er det attgjeve i moderne målform. Eit par stader er det hol i papiret utan at dei bortkomne orda er avgjerande for meininga i dei linene det gjeld.

Brevet inneheld ei offisiell og juridisk stadfesting av den beiteretten som garden Nerabø hadde i Ogn til 2 naut frå eldre tid. Indirekte vert det også opplyst at 3 omkringliggjande gardar hadde same retten. Dessutan hadde desse gardane beiterett i "Låteren". Kjenner nokon til dette stadnamnet?

Dette provsbrevet fører oss attende til ei tid då busetnaden i Bokn sokn framleis bar merke av nedgangsperioden i seinmellomalderen: redusert folketal og nedlagde gardar (øydegardar). Rettare sagt var dei folketome gardane ikkje sjølvstendige bustad- og produksjonseiningar, men dei var i bruk til beite og slåtteland. Slik var det med Ogn og Ognaland (framleis kalla Øygarden) og Aksdal på Austre Bokn. Dei gardane som var i drift tidleg i 1500-åra, hadde såleis større ressursar til disposisjon enn før 1349 og frå slutten av 1600-talet.

Men kvifor vart det påkravd å slå fast desse beiterettane? Var det t.d. eigaren av garden Ogn som drog i tvil rettsgrunnlaget for beiterettane? Om dette seier provsbrevet ingen ting. Derimot gjev vitneutsegna frå gamle Torgeir Øvrabø ein slags heimel for beiterettane. Tradisjonen om dei 4 systrene bør ein vel stilla seg noko skeptisk til.

Riksarkivet, Diplomsamlinga.
Papirbrev 24. jan. 1534.

Til alle menn, dei som ser eller høyrer dette brevet, sender Tore Eiriksson, Jon Lovsson og Anund Sjurdsen, lagrettesmenn i Hetland skipreide, Guds helsing og si, kunngjerande med dette vårt opne brev, (at) laurdagen nest føre sankt Pål's dag var (me) på rette vårting og tilspurde av ærleg og forstandig mann Henning Balhorn, etter Eske Billes befaling fut i Fjordane og Karmsund, om me eller nokon annan visste noko der av, om Nærebø hadde noko å setja uti Ogn eller i Låteret, (då) svara me førnemnde menn at me aldri anna veit og har høyrte anna av våre forfedre enn at "Nærbø" hadde (rett til) å setja 2 naut i Ogn, sameleis i Låteren etter storleiken på jorda (dvs. garden). Og sameleis desse førnemnde orda lyste (dvs. kunngjorde) Torgeir på "Øffrebø", som åtte "Øffrebø", og han var ein gamal mann, at han ikkje heller veit eller hadde høyrte anna av sine forfedre, og førnemnde Torgeir fortalde for førnemnde Tore Eriksson korleis det hadde gått til at dei

jordene (dvs. gardane) åtte uti Ogn, at det var 4 systre som åtte alle dei 4 jordene (dvs. gardane) som der ligg omkring, og dei skifta såleis at alle jordene skulle eiga noko i øylandet, elles kunne dei ikkje hjelpa seg. Og (han)(hol i papiret) (kjende til?) fleire prov og klårgjering om det trengst. Til endå meir visse og sanning....(hol i papiret) trykkjer me våre segl nedanføre dette opne brevet vårt, som vart skrive Anno Domini MDXXXIIII stad og dag som før er sagt.

(3 påtrykte segl)

Omsetjing frå mellomnorsk målform ved Anstein Lohndal.


Merknad: St. Pål's dag eller Pålsmesse er 25. januar.
Jord - kan tyda både gard og bruk. Her truleg gard.
Øylandet - dvs. øya. Ogn er i brevet skrive Offnen, etter målføreforma Ogen.
Fjordane - dvs. Ryfylke.
Bokn hørde til Hetland skipreide.

BIRGER LINDANGER ATTVALD SOM FORMANN I STYRET FOR BOKN HANDELSLAG


Ved årsmøtet i Bokn Handelslag den 19.april vart Birger Lindanger attvald som formann. Med seg i styret får han Helga Foss, Svanhild Alvestad, Ove Alvestad, Arvid Jøsang, Ståle Trosnavåg og Annbjørn Sunde.

I årsmeldinga til handelslaget står det å lesa at dei har mista nokre store kunder i anleggsbransjen, og forklarar ein tilbakegang på 12,53 % ut frå dette. Meldinga seier at det er klare teikn på at laget er i godt spor att.

OMSETNINGA I MILL.
KR. DEI SISTE 10
ÅRA SER SLIK UT:



**HER ER
SPARIUS,
BARNAS NYE
SPAREVENN!**



Nå er det blitt megakuult å spare for alle barn på Sør-Vestlandet. Sparius vil lære fra seg gode, nyttige sparevaner.

Du kan spørre etter Sparius i alle kontorene til SR-BANK.





BOKN KOMMUNE

GEBYR FOR KART- OG OPPMÅLINGSARBEID, VANN- OG KLOAKKAVGIFTER, SLAMAVGIFT

Fylkesmannen i Rogaland har godkjent Bokn kommunestyre sitt vedtak av 17.12-91 om tilknytningsavgifter og årsavgifter for vann og kloakk samt gebyr for kart- og oppmålingsarbeider.

Satser:

Gebyr for kart- og delingsforretning over arealer til utbyggingsformål:

Areal i m ²	Fra	Til og med	1991
	0	2.250	kr. 4.650.-
	2.250	3.750	" 5.815.-
	3.750	5.000	" 6.970.-
	5.000	9.000	" 8.150.-
	9.000	13.000	" 9.305.-

Fullstendig reglement kan en få ved henvendelse til teknisk etat.

VANN

(ekskl. merverdiavgift:

Tilknytningsavgift:

Minsteavgift	kr. 5.860.00
Avg. for areal utover dette pr. m ²	" 37.90

Årsavgift:

Hus: Minsteavg. for inntil 250 m ³ forbruk	kr. 535.00
Hytter: Minsteavg. for inntil 125 m ³ forbruk	" 265.00
Forbruk utover dette pr m ³	" 2.25

KLOAKK

(ekskl. merverdiavg.)

Tilknytningsavgift:

Minsteavg. (hus inntil 150 m ³)	kr. 5.860.00
Avgift for areal utover dette	" 15.75

Årsavgift:

Hus, avrenning for inntil 250 m ³	kr. 535.00
Hytter, avrenning for inntil 125 m ³	" 265.00

SLAMAVGIFT

kr. 385.00



**BOKN
KOMMUNE**

4290 FØRESVIK

Sjukepleiar

i 3/4 stilling

Vikariat for sjukepleiar

i 1/1 stilling frå 17. juni
1991-26. januar 1992.

Stillingane kan også søkjast av personale utan godkjend sjukepleiarutdanning, men vert då eit avgrensa tidsrom.

Arbeidsområdet er både i sjukeheim og åpen omsorg, då tenestene er samordna med sjukeheimen som base for all omsorg og pleie. Arbeidet er i turnus med vakt kvar 3. helg. Det vert lagt vekt på fleksibilitet i arbeidet og evne til samarbeid. Ein må kunna disponera bil i arbeidet. I samband med

omorganisering og auke av tenestene ved legekantoret, kan det bli aktuelt å utvida den 3/4 ledige sjukepleiestillinga. Denne stillinga kan ev. delast. Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår. Tilsette må retta seg etter ev. endringar i arbeidsområdet. Bokn kommune kan hjelpe til med å skaffe bustad.

Stillingane vert løna i lønstrinn 18 -21. Begge stillingane har ansvarsvakt i ca. 45 % av arbeidstida, og vert då løna etter lønstrinn 23.

Opplysningar om stillingane får ein ved å venda seg til pleie- og omsorgssjef eller avdelingssjukepleiar, tlf 04 - 74 85 00 linje 125 eller 121.

Søknad med avskrift av attestar og vitnemål sender ein til Bokn kommune, administrasjonsutvalet, 4290 Føresvik innan 10. mai 1991.



BOKN KOMMUNE

4290 FØRESVIK

ETABLERINGSLÅN 1990

Bokn kommune har fått tildelt midlar til vidare utlån ved bygging av ny bustad, kjøp av bustad eller utbetring av eldre bustad. Lånet er behovsprøvd.

Sams for alle typar bustader er at dei må ha lån i Husbanken eller Landbruksbanken.

M.a. huslydar med funksjonshemma og hustandar som skal etablere seg for første gong er prioriterte.

Nærare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Dette lånet er det ikkje søknadsfrist på.

UTBETRINGSSTILSKOT OG LÅN 1990

Ein kan søkja om lån/tilskot til ulike slag utbetningsarbeid - t. d. innlegging av vatn, ordna med avløp, innstallera bad/WC, isoleringsarbeid o.l.

Desse kan søkja:

1. Husstandar der minst ein person er over 60 år.
2. Husstandar med funksjonshemma.
3. Husstandar med særlege sosiale behov.

Ordninga er behovsprøvd, og kommunen tek m.a. omsyn til inntekt og formuetilhøve.

Med søknaden skal det fylgja eit overslag over kostnadene som er oppsett av bygningsmann. Dette overslaget må søkjaren syta for. Søknadsskjema og nærare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Søknadsfrist: 1. juli 1991.

KVA KOSTAR DET Å RINGA ?

Det er nå nye prissoner for telefon. Prissonene er endra til kommunetakst, nærtakst og fjerntakst.

Nabolokaltakst, øytakst og rikstakst I og II er utgått.

Ser ein på tabellane, finn ein ut kva det kostar å ringa til kommunane i Nord-Rogaland og ein del av kommunane i Sunnhordland og Ryfylke/Sør-Rogaland. M.a. ser ein at Bokn har nærtakst til Sandnes, Rennesøy, Finnøy, Strand, Forsand, Hjelmeland, Randaberg, Sola, Kvitsøy og Stavanger. I tillegg er det nærtakst til alle kommunane i nordfylket pluss Ølen og Etne.

Innan Haugesund teleområde

Frå \ Til	Haugesund	Karmøy	Sveio	Tysvær	Utsira	Bokn	Vindafjord	Ølen	Etne	Sauda	Suldal	Odda	Ullensvang	Eidfjord	Jondal
Haugesund	K	N	N	N	N	N	N	N	N	f	f	f	f	f	f
Karmøy	N	K	N	N	N	N	N	N	N	f	f	f	f	f	f
Sveio	N	N	K	N	N	N	N	N	N	f	N	f	f	f	f
Tysvær	N	N	N	K	N	N	N	N	N	f	N	f	f	f	f
Utsira	N	N	N	N	K	N	f	f	f	f	f	f	f	f	f
Bokn	N	N	N	N	N	K	N	N	N	f	f	f	f	f	f
Vindafjord	N	N	N	N	f	N	K	N	N	N	N	f	f	f	f
Ølen	N	N	N	N	f	N	N	K	N	N	N	f	f	f	f
Etne	N	N	N	N	f	N	N	N	K	N	N	N	f	f	f
Sauda	f	f	f	f	f	f	N	N	N	K	N	N	f	f	f
Suldal	f	f	N	N	f	f	N	N	N	N	K	N	f	f	f
Odda	f	f	f	f	f	f	f	N	N	N	N	K	N	N	N
Ullensvang	f	f	f	f	f	f	f	f	f	f	f	N	K	N	N
Eidfjord	f	f	f	f	f	f	f	f	f	f	f	N	N	K	N
Jondal	f	f	f	f	f	f	f	f	f	f	f	N	N	N	K

Til Ryfylke/Sør-Rogaland

Frå \ Til	Stavanger	Kvitsøy	Sola	Randaberg	Hjelmeland	Forsand	Strand	Finnøy	Rennesøy	Sandnes
Haugesund	f	N	f	N	f	f	f	N	N	f
Sveio	f	f	f	f	f	f	f	N	f	f
Karmøy	N	N	N	N	N	f	N	N	N	f
Tysvær	f	N	f	N	N	f	f	N	N	f
Utsira	f	N	f	f	f	f	f	N	f	f
Bokn	N	N	N	N	N	N	N	N	N	N
Vindafjord	f	f	f	f	N	f	f	N	N	f
Ølen	f	f	f	f	N	f	f	N	f	f
Etne	f	f	f	f	N	f	f	f	f	f
Suldal	f	f	f	f	N	f	f	N	f	f
Sauda	f	f	f	f	N	f	f	f	f	f

Prissonene er endra til kommunetakst, nærtakst og fjerntakst. Nabolokaltakst, øytakst og rikstakst I/II er utgått.

K = Kommunetakst (lokaltakst)

1 teljarsteg pr. 3 min. mandag—fredag kl. 08.00—17.00
1 teljarsteg pr. 9 min. helg/kveld kl. 17.00—08.00

N = Nærtakst (Prissone inntil 50 km luftline mellom kommunesentrene.)

1 teljarsteg pr. 1,5 min. mand.—fred. kl. 08.00—17.00
1 teljarsteg pr. 3 min. helg/kveld kl. 17.00—08.00

f = Fjerntakst Prissone lenger enn 50 km luftline mellom kommunesentrene.)

1 teljarsteg pr. 36 sek. mandag-fredag kl. 08.00—17.00
1 teljarsteg pr. 45 sek. helg/kveld kl. 17.00—08.00

Til alle andre kommunar enn dei som er nemnde i matrisene, er det fjerntakst.

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 Føresvik
Tlf. 04-748500
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300

Halv side: kr. 150

1/4 side: kr. 75

1/8 side: kr. 50

Små privatannonser: kr. 10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.

Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

ARR. I MAI:

- 4.mai Plantebytedag.
17.mai Tradisjonell feiring med folkefest om kvelden.
23.mai Pensjonistforeninga har møte.
30.mai Bokn sanitetsforening har basar på Bokn skule.

"FRA PIAF TIL PRØYSEN"

Line Hubert synger og spiller trekkspill på Boknatun - Allrommet torsdag 09.05. (Kr. Himmelfartsdag) kl. 13.00.

Alle velkomne - gratis entre

RIKSKONSERTENE

GUDSTENESTER

12.mai:
Konfirmasjonsgudsteneste v/
Soknepresten kl. 11.00. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

17.mai:
Familiegudsteneste v/
Soknepresten kl. 10.00. Offer til Kirkens Nødhjelp.

20.mai:
Pinsegudsteneste v/
Soknepresten kl. 11.00.
Nattverd. Offer.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie mandag den 13. mai.

Påmelding tlf. 74 85 00

ØNSKES KJØPT

Hyttetomt med naustrett ønskes kjøpt.
tlf. 73 60 89.

TIL SALGS

Brukt Brio bagvogn til salgs kr. 300,-.

ORIENTERING

BOKN I.L. V/O-GRUPPA INVITERER TIL NYBEGYNNERLØP DEN 10.05.91

Samlingsplass

og parkering : Ved Boknatun i Føresvik.

Start : Kl. 19.00

Kart : Føresvik 1:5000 1990

Vask/

garderobe : Våtklut ute i det fri

Påmelding : På startkort for klippetenger. Forhåndspåmelding innen den 6. mai til Hans Faye, 4290 Føresvik

Etterpå-

melding : Seinest 1 time før start.

Løpsledelse

og løype-

legging : Sigrunn H. Hosaas og Hans Faye tlf. 748584/748455 (prv.)

Premiering : Premie til alle

Start-

kontigent : Kr. 20,-

Løyper : Løypel Snor ca 1.5km
Løype2 Snor-lede ca.2km
Løype3 Enkel nybeg. "
Løype4 Litt vanskelig nybegynner ca.2.5km

VEL MØTT!

MIDDAGSOMBRINGING

Bokn kommune tilbyr utbringning av varm mat til eldre på mandagar, onsdagar og fredagar. Pris kr. 25,- for middag m/ suppe eller dessert.

Ta kontakt på tlf. 74 85 00 om du vil ha bragt varm mat ved døra.

Helse- og sosialetaten